



Kommunal- og Moderniserings- Departementet
Postboks 8112 DEP

0032 OSLO

Forslag til fordeling av breibandmidlar for 2020

Vi viser til vårt møte i KMD 21.august og vårt brev datert 13.august om fordeling av breibandmidlar for 2019.

Vi vart i møte oppfordra til å komme med forslag til fordeling av breibandmidlar for 2020.

Tilskotsordninga skal bidra til at alle husstandar i Norge får eit breibandtilbod av god kvalitet. Den offentlege støtteordninga skal finansiere breibandutbygging i område der det ikkje er kommersielt lønsamt å bygge ut breiband.

Vi foreslår at

- midlane vert fordelt etter kapasitetsklasse 100/10 Mbit/s med prosentvis fordeling mellom fylka. Data vert henta frå dekningsrapporten for 2019 utarbeida av Analysys Mason
- hustandar med svakast dekning vert prioritert
- alle teknologiar vert likestilt
- fordeling er open av transparent og i tråd med ESA sin retningslinjer.

Vi har notert oss at fleire i utkantane må basere seg på trådløs teknologi i framtida. Dette er ein viktig budskap som vi ynskjer å formidle, og kan tenkje oss fagleg grunnlag frå departementet si side til hjelp i dette arbeidet.

Med helsing

Jan Heggheim
fylkesdirektør

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift